



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestsforvaltar - Alver - 214/125 - Fyllingsnes - oppføring av naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 08.04.2022. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formål og byggeforbodet i strandsona for ovanfornemnde tiltak.

Alver kommune gav avslag på søknad om dispensasjon i administrativt vedtak, saknr. 973/20, datert 20.09.2020.

Vedtaket vart klaga på av Cardo 8614 AS på vegne av tiltakshavar i brev datert sendt 09.10.2020.

Utval for areal, plan og miljø tok klaga til følge, og gav i vedtak datert 24.03.2021, i sak 20/10659, med saknr. 053/21, dispensasjon for oppføring av naust.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 19.04.2021.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 09.06.2021, med saknr. 094/21, og klaga vart ikkje teken til følge.

Vi kan ikkje sjå at det er gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

Statsforvaltaren fekk eit supplerande brev, datert 06.05.22, frå Harris Advokatfirma AS på vegne av tiltakshavar. Vi kan ikkje sjå at det er informasjon i dette skrivet som gjer grunnlag for å trekke klagen vår.

Vi ber om oppnemning av setjestsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Inge Einar Fyllingsnes
HARRIS ADVOKATFIRMA AS
Alver kommune
CARDO 8614 AS

Fyllingsnesvegen 2
Postboks 4115 Sandviken
Postboks 4
Øvre Blekeveien 20

5913 Eikangervåg
5835 BERGEN
5906 FREKHAUG
5003 BERGEN